



Statens vegvesen

Os kommune i Hordaland
Pb. 84
5202

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
16/24591-2

Dykkar referanse:
12/596 -148

Vår dato:
16.02.2016

Oppfølging trafikksikringstiltak Hatvikvegen – kryss ved Klyva – fv 552 – Hatvikvegen – Os kommune

Statens vegvesen viser til dykkar brev datert 10.02.2016 der de ber oss vurdere på nytt vårt krav om opparbeiding av krysset ved Klyva i samband med utbygginga på Bjånes.

De viser til at Bjånes Fjordbolig AS har fått dispensasjon frå rekkefølgekrav om bygging av gang- og sykkelveg for dei første 200 bustadane under føresetnad av det vart inngått ei utbyggingsavtale for å sikre gjennomføring. De viser til at dei 20 mill. som er sett av i utbyggingsavtala skulle brukast til å sikre finansiering av gang- og sykkelvegen, og at dei ikkje kan nyttast til opparbeiding av kryss. De meiner vidare at det må kunne vurderast mellombelse løysingar for krysset.

For Statens vegvesen er det viktig at krysset blir opparbeidd slik at trafikktryggleiken på staden vert i varetatt. Vi meiner at det at det vart gjeve dispensasjon frå rekkefølgekravet for bygging av gang- og sykkelveg, som var viktigast for kommunen å få på plass av omsyn til trafikktryggleiken, ikkje kan vere eit argument for at krysset heller ikkje skal opparbeidast. Kryssutforming er viktig for trafikktryggleiken. Vi viser til rekkefølgekrav i føresegnene til KDP for Bjåneshalvøya § 18 i der det mellom anna står:

Nye bygg og anlegg kan ikkje takast i bruk før:

– Trafikksikker tilkomst for gåande, syklende og køyrande er etablert.

I områder der det blir utarbeidd reguleringsplanar for langt mindre enn 200 bustadar, vert det stilt krav om å bygge kryss der det er trøng for det.

Vårt utgangspunkt i denne saka er at krysset skal opparbeidast etter trafikktilhøva på staden. Det at dette er ein fylkesveg som og er fergeveg, gjer at vi vurderer det slik at det mellom anna er nødvendig med kanalisering av krysset for å hindre påkøyrslar bakfrå. Som kommunen sjølv har påpeika, er det også nødvendig å sikre kryssing for mjuke trafikkantar. Ein må og byggje krysset etter kva som er dimensjonerande køyretøy.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Dersom krysset ikkje vert opparbeidd i samsvar med tekniske krav kan ein rekne med at det fort kan stoppe seg i krysset på grunn av mykje trafikk og uoversiktlege tilhøve.

Når det gjeld utbyggingsavtalen mellom Os kommune og Bjånes Fjordbolig AS er det uheldig at avtalen ikkje omhandla krysset, og at det igjen gjer at krysset ikkje kan opparbeidast fullt ut.

Eit anna moment er at dersom det vert opparbeidd eit kryss etter dei tekniske krava som gjeld i høve til trafikkgrunnlaget på staden med 200 bustadar, så må dette krysset endrast i samsvar med områdeplan for Hatvikvegen når finansieringa for denne er klar. Ein må då legge til grunn at krysset må opparbeidast på nytt og at anleggsarbeidet må gjerast om att. Det vil føre til at total kostnad blir høgare enn nødvendig. Dersom Os kommune likevel meiner at den einaste løysinga for utbygginga er å gje dispensasjon frå områdeplan for Hatvikvegen til ei anna kryssutforming, så ber vi om at det vert lagt fram alternativ for mellombels løysing.

For at vi skal kunne vurdere ei slik mellombels løysing, må det leggst til grunn berekningar som viser kva krav som gjeld for utforming av krysset for utbygging av 200 bustadar. Dette må gjerast av vegplanleggar, og det må gjerast i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi
Hordaland fylkeskommune – Samferdsleavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.